

Litt spente var dei utan tvil, for det var fyrste gongen dei spelte offentleg saman og dei hadde øvd saman i berre tre veker. Men det vart stadig meir klårt at dei hadde lite å vera nervøse for og at dei er på svært god veg mot mastergraden i klassisk gitarspel.

Det er 24-åringane Gjermund Fredheim frå Uskedalen og Harald Kvasnes frå Ålesund vi skriv om. Søndag kveld hadde dei sin debut som duo i Uskedalen kyrkje og måndag kan ein oppleve dei i Valen kyrkje.

Dei studerer ved Griegakademiet i Bergen og har ein av landstoppane på instrumentet som lærar: Stein Erik Olsen. Akkurat no er det berre dei ved akademiet som satsar mot mastergrad på dette instrumentet.

Uskedelingen har spela på heimebane i Kvinnherad før, men dette var altså fyrste gongen han spela saman med ein utøvar på det samme instrumentet.

Apropos utøvar: Det er imponerende kor mange unge kulturutøvarar frå vår bygd som etter kvart kjem fram og gjer seg gjeldande. Det går knapt ei veke mellom kvar presentasjon!

Programmet Gjermung og Harald baud på i kyrkja hadde bortimot maksimal variasjon, frå barokk via tango til norsk folkemusikk. På barokk-repertoaret deira sto både Scarlatti og Händel. Sjølv om den fyrste sikkert er krevande nok, imponerte gutane mest ved å avvikla Händels 21 variasjonar over eitt tema utan problem.

Albeniz, Piazzolla og Sommerfeldt var dei tre andre komponistane som vart tolka denne gongen og det er tydeleg at duoen set stor pris på nordmannens repertoar. "Høstleg elegi" som dei innleia konserten med slo an den rette tonen både i høve til årstida og til atmosfæren i kyrkja. Er det nokon stad det passar med klassisk gitar så er det nettopp her.

Berre så synd at berre 20 var til stades.

Av Ola Matti Mathisen